



Kviteseid kommune

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kviteseid

Vedtatt i Klima, miljø og oppvekstutvalet (KMO) 08.09.20
Punkt 5c endra i Kommunestyret 09.12.21 og trer i kraft frå hovudopptak 2022.

1. Eigartilhøve

Kviteseid kommune eig, driv og fører tilsyn med desse barnehagane:

- Kviteseid barnehage
- Brunkeberg oppvekstsenter
- Straumsnes oppvekstsenter

2. Styring

Barnehagane vert drivne i samsvar med *Lov om barnehager* (barnehageloven) med forskrifter og dei kommunale vedtektene som til ei kvar tid gjeld. Rammeplan for barnehagen (forskrift) bestemmer innhaldet og oppgåvene til barnehagen.

Klima, miljø og oppvekstutvalet (KMO) er styringsorgan for dei kommunale barnehagane. Barnehagane er administrativt knytt til administrasjonen for skule og barnehage, med kommunalsjef for skule og barnehage som øvste leiar.

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU), jf. bhgl §4. Alle foreldre/føresette til barna i barnehagen utgjør barnehagen sitt foreldreråd.

I samarbeidsutvalet skal det vere to representantar frå foreldre, og to for dei tilsette. Det er ein representant for eigar med vara. Styrar er sekretær for utvalet. Dersom det er felles samarbeidsutval for skule og barnehage, jf. bhgl § 5, skal det vere to representantar for dei tilsette i barnehagen, og to frå foreldrerådet i barnehagen.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet i kvar barnehage fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Årsplanen skal handsamast i SU innan 1. oktober.

3. Barnehagen si oppgåde

Barnehagen er ein pedagogisk institusjon. Den skal gje eit godt omsorgs- og læringsmiljø for barna. Saman med heimen skal barnehagane sikre barna individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, læring og etisk rettleiing. Barnehagen skal skape eit godt miljø for barna, med vekt på allsidig leik og samvær med andre barn og vaksne. Barnehagane skal arbeide med å utvikle det einskilde barn sin personlegdom, samt hjelpe barna til å utvikle evne til toleranse og omsorg for andre.

Barnehagen skal møte barnet sitt behov for omsorg, trygghet, behov for å høyre til og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet. Dette er viktige verdiar som skal synast i barnehagekvardagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Barnehagen skal ta vare på kulturverdiar, talemål, sed og skikk i bygda. Samstundes skal barnehagen gje kunnskap om og innsikt i den verda han er ein del av.

Nynorsk er målforma i barnehagen.

4. Barnehagetilbod

Kviteseid kommune kan gje fylgjande barnehagetilbod:

Barnehage/ avdeling	Dagar	Opningstid	Alder
Kviteseid barnehage	5, 4 og 3	9 timar	1 – 5 år
Straumsnes oppvekstsenter Vrådal	5, 4, og 3	9 timar og 15 min.	1 – 5 år
Brunkeberg oppvekstsenter	5, 4, og 3	9 timar	1 – 5 år

Barnehagane i Kviteseid og Brunkeberg er stengde i vekene 29, 30, samt jol og påske. Straumsnes barnehage er stengt i veke 28, 29 og 30, samt jol og påske. Alle barn må ha tre veker samanhengande ferie om sommaren.

Personalet har 5 planleggingsdagar pr. år. På desse dagane er barnehagane stengde. Planleggingsdagane samordnast så langt som råd med skulen.

5. Opptak av barn

5a. Søknad om opptak

Det kan søkjast om plass for alle barn som bur i kommunen. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars kvart år. Elektronisk søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside:

www.kviteseid.kommune.no. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen vert handsama i etteropptak.

5b. Hovudopptak

Det skjer eitt hovudopptak i kommunen, etter søknadsfristen 1. mars. Opptaksutvalet, sett saman av styrarane i barnehagane og kommunalsjef skule og barnehage, står for eit samordna opptak. Styrar i kvar barnehage gjev innstilling til opptaket for sin barnehage.

Søknader som kjem inn etter 1. mars, gjev ikkje rett på barnehageplass, men vert behandla under etteropptak ved ledig kapasitet. Sjå pkt. 5e.

Dei som har takka ja til plassen dei har fått tildelt, men ynskjer å stå på venteliste til ein annan barnehage, må søke om overflytting.

5c. Opptakskriterium

Kviteseid kommune følgjer nærbarnehageprinsippet. Kviteseid barnehage og Brunkeberg oppvekstsenter følgjer skulekretsen ved opptak til barnehage. Dalane, Fjågesund og Kilen høyrer til Kviteseid barnehage. For born i Kviteseid skulekrets (ikkje Dalane, Fjågesund og Kilen) vil nærbarnehagekriteriet vera oppfylt dersom dei får tildelt plass i Brunkeberg. Opptaksområde for Straumsnes barnehage tek til frå Kviteseidkleivane.

Alle barn som fyller 1 år innan utgangen av november, har rett på plass, jf. bhgl § 16. Barn som fyller 1 år i september, oktober og november, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå den månaden barnet fyller 1 år.

Barn som har plass og ynskjer utviding av tilbodet i same barnehage, vil bli prioritert før inntak av nye barn.

Utover lovfesta rett til barnehageplass blir følgjande kriterium lagt til grunn.

- a) Barn med nedsett funksjonsevne, jf. § 18 i Lov om barnehagar
- b) Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-4 og 4-12
- c) Barn av minoritetsspråklege foreldre
- d) Barn som fyller 5 år i inneverande år
- e) Sysken bør få plass i same barnehage
- f) Geografisk nærleik til barnehagen

Under elles like forhold får eldste barnet plass.

Ved opptak til barnehagane skal det takast omsyn til kor barn geografisk høyrer til i kommunen og barnegruppa si heilskaplege samansetjing med omsyn til kjønn, alder og kontinuitet.

5d. Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Barnehageåret varer frå midten av august (skulestart) til midten av august neste år.

Barn som får plass, beheld denne til skulestart eller til plassen vert sagt opp.

Foreldre som ynskjer at barnet skal endre barnehagetilbodet kan søkje om dette, med søknadsfrist 1. mars for neste barnehageår, eller ved behov.

Barnehageplassen må seiast opp skriftleg før den 1. i kvar måned, og oppseiingsfristen er ein måned. Heimen betalar for barnet til oppseiingstida er gått ut.

Barn som skal byrje på skulen, og som ikkje ønskjer å nytte plassen i august, må sei opp plassen før 1. juli

5e. Klage på opptak

Dersom søkjar vil klage på vedtak i opptaksutvalet, skal klaga sendast Kviteseid kommune, Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid innan 3 veker etter at vedtak er mottatt. Klaga vert då handsama på nytt i opptaksutvalet.

Får dei som klagar medhald i klaga, er saka avslutta. Får klagaren ikkje medhald i klaga, går saka vidare til den kommunale klagenemnda til endeleg avgjerd.

5f. Etteropptak

Styran ved den einskilde barnehage står for opptak til plassar som er ledige når handsaming av klager etter hovudopptaket er ferdig, og for plassar som vert ledige i løpet av året. Opptaket drøftast fyrst i møte med dei andre styranane og kommunalsjef for skule og barnehage.

6. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Det vert betalt for 11 månader per år, 5 om hausten og 6 om våren. Heimane får ikkje fråtrekk i foreldrebetalingssatsane for einskilde fri- eller fråværsdagar som t.d. planleggingsdagar for personalet, jol eller påske. Heller ikkje når barnet må vera heime.

Etter søknad kan kommunen la vere å krevja betaling for den tida barnet er borte frå barnehagen, når fråveret er samanhengande på meir enn ein måned, og det er ein særskilt årsak til fråværet. Ved sjukdom må legeattest eller annan dokumentasjon av særskilte tilhøve fylgje søknad om fritak. Denne søknaden vert handsama administrativt i kvar barnehage.

Det blir gjeve syskenmoderasjon, etter dei satsar kommunestyret til ei kvar tid har vedtatt.

Utgifter til mat er etter sjølvkostprinsippet, og kjem i tillegg til foreldrebetalinga.

Ved låg inntekt er det to moderasjonsordningar:

1) Redusert foreldrebetaling.
Ingen husstand skal betale meir enn 6% av bruttoinntekta si

2) 20 timar gratis kjernetid for 3, 4 og 5 åringar og barn med utsatt skulestart

Begge ordningane følgjer nasjonale satsar.

Moderasjonsordninga må søkjast for kvart år, og med søknaden skal kopi av siste tilgjengelege sjølvmelding liggje ved. For å gjelde frå augustmånad, må det søkast innan 1. juli. Søknadsskjema finn ein på www.kviteseid.kommune.no

7. Arealutnytting

Kviteseid kommune har følgjande norm for arealutnytting i barnehagelokalet:
4,5 m² leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år og 6 m² for barn under 3 år. Utearealet skal minimum tilsvare innearealet x 3.

8. Erstatning

Kviteseid kommune har ulykkesforsikring for barn.
Kommunen er ikkje erstatningspliktig for eigendelane til barn i barnehagen.

9. Teieplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt, jf. §20 bhgl, slik reglane gjeld i forvaltningslov §§ 13 – 13f.

10. Bemanning

Ved kvar barnehage skal det vere ein styrar som har godkjent førskulelærarutdanning. Ved oppvekstsentra har kommunalsjef skule og barnehage det overordna ansvaret, fagleiar for barnehagen er styrar.

Krav til pedagogisk bemanning (Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager)

Barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk bemanning.
Barnehagen skal ha minst ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Eit barn til utløyser krav om ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar. Barn reknast frå å vera tre år frå og med august det året dei fyller tre år.
Styrar si tid til administrasjon og leiing skal ikkje reknast med i utrekninga av normen for pedagogisk bemanning.

Krav til grunnbemanning (bhgl § 18)

Bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei tilfredstillande pedagogisk verksemd.
Barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn når barna er under tre år og ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. Barn skal reknast for å vera over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

Vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet etter barnehagelov §§17 og 18 er delegert til kommunalsjef skule og barnehage.

Etter bhgl § 19, skal tilsette ved tilsetting legge fram politiattest.

11. Internkontroll og tilsyn

Barnehagane følgjer Kviteseid kommune sine vedtekne internkontrollrutinar, med tilpassing til barnehagens verksemd. Kommunen som barnehagemynde fører tilsyn med barnehagane etter bhgl § 16.

12. Delegering

Rådmannen kan gjere endringar i vedtektene som er av administrativ karakter.

